



St.prp. nr. 27

(2006–2007)

Om endring av løyvingar mv. for 2006 på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 24. november 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m, 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

Proposisjonen gjeld desse sakene:

- Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1301, post 71 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma, med 1 mill. kr.
- Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 1313, post 22 Flyttekostnader, med 6,2 mill. kr mot tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter.
- Stikkordet «kan overførast» blir foreslått tilføyd løyvinga under kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter.
- Det blir foreslått ei løyving på 500 000 kr på kap. 1322, post 92 Opptrekksrenter, på grunn av at Svinesundsforbindelsen AS har trekt på låneramma i 2006. I tillegg blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 4322, post 90 Avdrag på lån, med 5 mill. kr.
- Departementet foreslår å utpostere postar frå balansen i Statens vegvesens rekneskap.
- Det blir orientert om kostnadsauke ut over kostnadsramma for prosjektet E16 Wøyen – Bjørum.

- På grunnlag av gjennomført ekstern kvalitets-sikring blir det gjort greie for styrings- og kostnadsramme for prosjektet nytt dobbeltspor Ly-saker – Sandvika.
- Departementet orienterer om forhandlingane med NSB AS om ny rammeavtale for kjøp av persontransport med tog.
- Det blir forslått å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse avgifter og gebyr, med 2,661 mill. kr.

2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 71 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma

Forsøket med arbeids- og utdanningsreiser er eit samarbeidsprosjekt mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Samferdselsdepartementet. To modellar blir prøvde ut i forsøket. I om lag halvparten av fylkeskommunane er transporten organisert av køyrekontora (som er ein del av dei regionale helseforetaka). Denne delen av forsøket ligg under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. For resten av landet er tilbodet etablert som ei utviding av den fylkeskommunale transporttenesta for funksjonshemma (tt). Samferdselsdepartementet har ansvar for denne delen av forsøket.

For den delen av forsøket som ligg under Arbeids- og inkluderingsdepartementet har det kome til mange nye brukarar. For 2006 har ikkje Arbeids- og inkluderingsdepartementet midlar til dette på sitt budsjett. Tilleggsbehovet er på om lag 1 mill. kr. Status for den delen av forsøket som ligg under Samferdselsdepartementet er slik at løyvinga kan setjast ned. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil foreslå å auke løyvinga over kap 605, post 01 Modernisering og utviklingsarbeid, med 1 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår at løyvinga over kap 1301, post 71 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma, blir redusert med 1 mill. kr.

3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1310 Flytransport

Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter

Avtalen med flyselskapa inneheld ein klausul om at gjeldande kontraktar kan reforhandlast dersom rammevilkåra blir endra. Som følgje av avgiftsenndringar i 2006, m.a. endringar i CO₂-avgifta, vil dei gjeldande kontraktane bli reforhandla. Reforhandlingane som enno ikkje er ferdige, kan føre til at utbetalingane ikkje kan skje før i 2007. Utbetalingane vil kunne utgjere 2–4 pst. av løyvinga for 2006. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter får tilføyd stikkordet «kan overførast».

Kap. 1313 Luftfartstilsynet (jf. kap. 4313)

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, med 6,2 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1313, post 22 Flyttekostnader.

Post 22 Flyttekostnader

I samband med Stortingets behandling av St.prp. nr. 66 (2005–2006), jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006), blei post 01 Driftsutgifter, auka med 5 mill. kr og post 22 Flyttekostnader, med 25 mill. kr. Fordelinga mellom postane var usikker. Det er inngått ulike avtalar om kompensasjon til dei tilsette m.a. av omsyn til kompetanseoverføring i samband med flyttinga. Dette medfører eit meirbehov på post 22 på 6,2 mill. kr. Som følgje av bemanningssituasjonen i Luftfartstilsynet har det vore ein lågare aktivitet på ulike prosjekt enn planlagt, slik at post 01 kan redusert tilsvarende. Departementet foreslår derfor å

auke løyvinga på kap. 1313, post 22 Flyttekostnader, med 6,2 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1313, post 01 Driftsutgifter.

4 Programkategori 21.30 Vegformål

Kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS

Post 92 Opptreksrenter

Den nye Svinesundsforbindelsen blei opna for trafikk i juni 2005. Det har i 2006 vore utbetalingar til etterarbeid på anlegget. Dette er dels dekt gjennom bompengainntekter og dels gjennom låneopptak, ved at det er trekt på overførte midlar frå løyvinga til lån i 2005. Hittil i år er det trekt i alt 18 mill. kr på låneramma. Det skal i tråd med låneavtalen mellom Samferdselsdepartementet og selskapet reknast opptreksrenter på det beløpet som selskapet trekker på låneløyvinga. I budsjettet for 2006 er slik løyving til opptreksrenter ikkje teke med. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at post 92 Opptreksrenter, blir oppretta på nytt og med ei løyving på 500 000 kr. Det kan også bli aktuelt med ytterlegare trekk på låneramma, då sluttoppgjier for anlegget framleis ikkje er endeleg.

Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS

Post 90 Avdrag på lån

Utbetaling til etterarbeid i 2006 er dels dekt gjennom bompengainntekter. Dette har medført at selskapet vil betale 5 mill. kr mindre i avdrag enn det som tidlegare var lagt til grunn, jf. St.prp. nr. 66 (2005–2006).

Utpostering av postar frå Statens vegvesens rekneskap

Ved revisjonen av rekneskapen for 2004 og 2005 tok Riksrevisjonen opp manglande utpostering av saldi på to postar som ligg i balansen i Statens vegvesens rekneskap. Postane kjem fram i balansen, men dei representerer ikkje reelle fordringar eller gjeld. Det står no igjen saldi som netto utgjør -1 396 779,60 kr. Den eine posten gjeld m.a. feilbehandling av kreditnotaer og feilføring ved utbetaling av eit tilbakehalde beløp som skriv seg frå 1990-talet. Dette har ikkje medført feilutbetalingar. Då Statens vegvesen i 2003 gjekk over frå 20 rekneskapseiningar til ei samla rekneskapseining, blei inngåande balanse for 2003 sett lik utgåande balanse frå 2002, noko som medførte at feilføringar mv. blei førte over i den nye ordninga. Til saman utgjør desse feilføringane mv. 4 081 573,71 kr.

Den andre posten gjeld feilføringar og differansar som oppsto i Statens vegvesens rekneskap i 1994–1998 og ved overgangen til nytt økonomisystem i 1998. Om lag halve beløpet gjeld tilbakehalde beløp som blei handtert feil ved overgangen til nytt økonomisystem i 1998. Resten gjeld differansar som det ikkje har vore mogleg å finne ut av. Til saman utgjer dette -5 478 353,31 kr.

Departementet legg opp til at nemnde saldi, til saman -1 396 779,60 kr blir utpostert i Statens vegvesens rekneskap mot konto for forskuvingar i balansen.

E16 Wøyen – Bjørum

Prosjektet er m.a. omtalt i St.prp. nr. 64 (2004–2005), side 3–4, og i St.prp.nr.1 (2006–2007), side 71.

Etter den eksterne kvalitetssikringa blei styringsramma for prosjektet fastsett til 915 mill. kr og kostnadsramma til 1 030 mill. kr, omrekna til 2006-kr. Som omtalt i St.prp. nr. 64 (2004–2005), er desse rammene vesentleg lågare enn overslaga frå Statens vegvesen.

Kostnaden for prosjektet har auka sterkt, og prognosen for sluttkostnaden er høgare enn fastsett kostnadsramme. Det er derfor gjort ei ny vurdering av kostnadene, og denne gir ei styringsramme på 1 080 mill. 2006-kr. Revidert kostnadsramme er rekna til 1 120 mill. 2006-kr.

Kostnadsauken har fleire årsaker. Ei av dei er at grunntilhøva for veg i dagen er vesentleg dårlegare enn tidlegare undersøkingar viste. Vidare har det har vore nødvendig med grunnforsterking med kalk/sementpelar som ikkje var føresett. Omlegging av kablar og leidningar har fått eit auka omfang. I området er det dessutan treft på forureina massar som krev særskilde tiltak. Desse tiltaka har også gitt seinare framdrift i arbeidet med hovuden- treprisen.

5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Ekstern kvalitetssikring – nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika

Samferdselsdepartementet viser til omtale av prosjektet i St.prp. nr. 1 (2006–2007), side 97. I omtalen er det vist til at prosjektet nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika er til ekstern kvalitetssikring og at departementet vil kome tilbake til prosjektet når det er ferdig kvalitetssikra. I St.prp. nr. 1 (2006–2007) er prosjektet oppført med ei foreløpig kostnadsramme på 2 941 mill. 2007-kr og ei styringsramme på 2 705

mill. 2007-kr. Det er foreslått å setje av 490 mill. kr til start av prosjektet i 2007.

Den eksterne kvalitetssikringa er no ferdig. Det framgår at prosjektdokumentasjonen er godt gjennomarbeidd og at han gir eit godt grunnlag for å styre utbygginga av nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika. Basert på den eksterne kvalitetssikringa er kostnadsramma for prosjektet fastsett til 3 165 mill. 2007-kr og styringsramma til 2 787 mill. 2007-kr. Den største uvissa i prosjektet er prisane i entreprenørmarknaden.

Forhandlingane om ny rammeavtale med NSB om kjøp av persontransport med tog

Ordninga med statleg kjøp av persontransporttenester med tog og arbeidet med å forhandle fram ei ny rammeavtale med NSB AS som skal gjelde frå 2007, er omtalt i St.prp. nr. 1 (2006–2007), side 103. Forhandlingane mellom Samferdselsdepartementet som oppdragsgjevar og NSB AS som leverandør held fram. Forhandlingane går inn i siste fase og partane drøftar no detaljar som gjeld omfanget av togtilbodet og storleiken på den statlege løyvinga. Samferdselsdepartementet legg til grunn at for 2007 er løyvinga til kjøp av persontransporttenester med tog stor nok til å forbetre togtilbodet.

Rammeavtalen skal gjelde for fire år fram til 2011. Han skal framleis baserast på nettoprinsippet, som inneber at NSB beheld trafikkinntekta frå passasjerane og får ei statleg løyving som tilskot til drifta.

Som oppdragsgjevar og kjøpar av togtenester gjennom rammeavtalen vil departementet drive både resultat- og produksjonsstyring. Produksjonsstyring skal skje ved at departementet stiller minimumskrav til togtilbodet.

Rammeavtalen vil innehalde ordningar som opnar for at NSB kan få restverdisikring når verksemda skal investere i nytt rullande materiell og gjennomføre oppgraderingar av eksisterande togmateriell. Restverdisikring vil likevel vere avhengig av at det enkelte investeringsvedtak blir lagt fram for departementet, og at departementet gir skriftleg fullmakt til iverksetjing av investeringa. Før investeringsavgjerda blir lagt fram for departementet, skal NSB presentere grunnlaget for investeringa for »Kontaktgruppa for funksjonshemma på tog».

I motsetnad til gjeldande rammeavtale vil den nye avtalen fokusere på løysingar for menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet vil stille krav om at NSB i all planlegging og drift av togtilbodet skal ta omsyn til prinsippa som går fram av St.meld. nr. 40 (2002–2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer. Vidare vil det bli stilt

krav om at NSB må ha ein plan for tilgjenge for alle reisande. Det blir ikkje stilt krav om at eksisterande materiell skal byttast ut, og omsynet til kostnadseffektive løysingar for å sikre auka tilgjenge i transportsektoren står sentralt i oppfølginga av avtalen.

Prinsippa i dagens rammeavtale om takstar og takstutvikling blir førte vidare ved at NSB vil ha fridom til å redusere takstane, medan det vil vere klare rammer for den årlege takstauken.

For å sikre større lokal innverknad, meir reelle prioriteringar og større lokal deltaking og bidrag i utviklinga i tilbodet til dei reisande blir det i avtalen stilt krav om at NSB skal ha eit program for kvar region for aktiv deltaking i utviklinga av regionen.

Ut over dei minstekrava som departementet har fastsett, vil NSB ha fridom til å endre togtilbodet. Skal NSB gjere endringar som bryt med minstekrava, må departementet godkjenne alle endringar som ikkje gjeld små justeringar i togproduksjonen. Avtalen vil innehalde ordningar som gjer at departementet vil akseptere endringar i stoppmønsteret som NSB har klarert med dei aktuelle fylkeskommunane og som elles ikkje påverkar avtalen.

Regjeringa er og oppteken av at NSB under heile avtaleperioden skal ha interesse av å effektivisere drifta. Departementet vil derfor berre akseptere løyvingar som inneber kontinuerleg effektivisering.

Det blir i avtalen stilt krav om at NSB rapporterer periodisk om utviklinga i drifta og i effektiviseringsarbeidet, og om trafikkutviklinga.

I samband med utarbeidinga av rammeavtalen vil departementet og NSB forhandle fram kjøpsavtalen for 2007.

6 Programkategori 22.20 Post og telekommunikasjonar

Kap. 4380 Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380)

Post 01 Diverse avgifter og gebyr

I samband med lønsoppgjeret for 2006 er Post- og teletilsynet tildelt 2,661 mill. kr i lønskompensasjon på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Etaten er sjølvfinansierande. Departementet foreslår at derfor å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse avgifter og gebyr, med 2,661 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av løyvingar mv. for 2006 på Samferdselsdepartementets område.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av løyvingar mv. for 2006 på Samferdselsdepartementets i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring av løyvingar mv. for 2006 på Samferdselsdepartementets område

I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1301	71	Forskning og utvikling mv.: Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 11 200 000 til kr 10 200 000	1 000 000
1313	01	Luftfartstilsynet (jf. kap. 4313): Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 141 900 000 til kr 135 700 000	6 200 000
	22	Flyttekostnader, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 59 600 000 til kr 65 800 000	6 200 000
1322 (NY)	92	Svinesundsforbindelsen AS: Opptreksrenter, <i>overslagsløyving</i> , blir løyvd med	500 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4322	90	Svinesundsforbindelsen AS: Avdrag på lån, blir redusert med frå kr 32 000 000 til kr 27 000 000	5 000 000
4380	01	Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380): Diverse avgifter og gebyr, blir auka med frå kr 173 600 000 til kr 176 261 000	2 661 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

- stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1310 Flytransport, post 70 Kjøp av innlandske flyruter, *kan nyttast under kap. 1311, post 71*.
- Samferdselsdepartementet i 2006 kan debitere statskassa sitt mellomvære med Statens vegvesen og kreditere konto for forskuvingar i balansen med 1 396 779,60 kr.



Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen, November 2006